




Språkkommunen Stord



Strategidokument

2018 - 2019

Innhold

Innleiing	3
Føremål	3
No-situasjon/ situasjonsskildring	4
Hovudmål / overordna mål.....	4
Målgruppe.....	4
Innsatsområder og resultatmål	4
Organisering	5
Medspelarar	6
Evaluering og læring	6
Rapportering	6
Vedlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Innleiing

Stord kommune er, som ein av 28 kommunar i Noreg, blitt teke med i den nasjonale satsinga «Språkkommuner pulje 2». Dette strategidokumentet skal gje rammene for Stord kommune sitt arbeid som språkkommune. Som språkkommune skal Stord kommune ha fokus på heile opplæringsløpet gjennom barnehagen og grunnskulen sitt barne- og ungdomssteg.

Stord kommune har over år hatt låg score på nasjonale prøvar i lesing. Kartleggingsprøva i lesing som vart gjennomført i 2016 syner at Stord kommune har fleire elevar på 1. og 2.trinn som ligg under bekymringsgrensa samanlikna med fylket og nasjonalt. Våren 2017 scorar 5 av 7 barneskular under grenseverdien som gir raudt resultat i Puls på nasjonale prøvar i lesing på 5.trinn. Dårleg lesedugleik blant born og unge kan ha sterkt negative konsekvensar både for den einskilde og for samfunnet som heilskap. Elevar som går ut av skulen utan tilstrekkeleg språkkompetanse, vil få vanskar både i yrkeslivet, samfunnslivet og dagleglivet.

Strategien skal forankrast politisk og inngå i dei lokale planane for utvikling av barnehage og skule i kommunen. Strategien er forankra hos barnehage- og skuleeiger og hos leiarane i barnehage og skule. Strategien skal bidra til at me alle held stø kurs og prioriterer slik at mål vert nådd.

Føremål

Språk, lesing og skriving er nøkkelkompetansar kvart enkelt menneske treng for aktiv deltaking i eit samfunn som stiller høge krav og forventningar til samfunnsborgarane. Dugleikar innan språk er avgjerande for kommunikasjon og samspel mellom menneske, og arbeid med barn sine sosiale- og språklege dugleikar må derfor vera gjennomgåande i heile utvikling- og opplæringsløpet. Dette byggjer på ei overordna forståing av at det er eit nært samspel mellom språk og læringsmiljø som saman rustar barn for livslang læring. Stord kommune sitt arbeid med språk må derfor sjåast i samanheng med kommunen sitt arbeid i prosjektet «*Ein inkluderande barnehage, skule og SFO. Ein inkluderande barnehage, skule og SFO som hindrar utanforskap og som bidreg til læring, utvikling og livsmeistring*».

God språkutvikling er avgjerande for leik og sosiale relasjonar i barnehagealder, men også for lesing, skriving og læring i skulealder. Eit godt språk i tidleg alder lettar lese og skriveutviklinga i skulen (Aukrust, 2005; Scarborough et al., 2009; Hagtvatn et al., 2011; Sandvik et al., 2014 i Bakgrunnsdokumentet for Nasjonal satsing for språk, lesing og skriving 2016-2019). I dag er det store forskjellar på korleis det vert jobba med språk, lesing og skriving i dei ulike barnehagane og skulene. Forskjellen finst ikkje berre mellom barnehagar og mellom skular, men også innad i dei ulike verksemdene.

Stord kommune vil med denne strategien styrka dei tilsette sine kunnskapar, dugleikar og haldningar til språk, lesing og skriving, og utvikla ei felles forståing og eit felles språk hos dei som jobbar med barn si språkutvikling. Dette arbeidet skal jamna ut forskjellane mellom barnehagane og mellom skulane, komma alle barn til gode og føra til ein synlig endring av praksis på avdelingar og i klasserom.

For å nå dette målet er kompetanseheving blant dei vaksne det aller viktigaste strategiske grepet. Stord kommune har difor og som føremål at alle tilsette i barnehage og skule skal få auka kompetanse og rammeplanforståing / læreplanforståing innafør områda språk, lesing og skriving.

No-situasjon/ situasjonsskildring

Barnehagane og skulane i Stord kommune har gode planar og tilsette med mykje kompetanse, men me meiner me ikkje får utnytta ressursane godt nok. Me ser at det er behov for å jobba med ein struktur som sikrar at dei tilsette får møtearenaer der refleksjon over barnehagen og skulen sitt innhald og vår eigen praksis vert sett i system.

Eksisterande plan for overgang barnehage-skule er ikkje utfyllande og konkret nok i forhold til strategien, og må oppdaterast. For å nå målet i strategien må det etablerast eit samarbeid for overgangar og tidleg innsats.

Nasjonale prøvar og kartleggingar av språkmiljø i Stord kommune syner at det må vera eit meir systematisk språkarbeid og kompetanseheving i barnehage og skule.

Hovudmål / overordna mål

Dette strategidokumentet gjeld i utgangspunktet for eit relativt kort tidsrom; tre semester (skuleåret 2017/18 haustsemesteret 2018). Utvida prosjektperioden til juni 2019. Trass i dette finn Stord kommune det rett å leggja eit langsiktig mål til grunn for arbeidet. Dette inneber at fokuset på språk, lesing og skriving må haldast oppe også etter at prosjektperioden er avslutta.

Hovudmålet med arbeidet i Stord kommune er:

Styrka alle barn og elevar sine språk, lese og skrivedugleikar.

Dette skal sikrast ved:

- Kompetanseheving og bevisstgjerjing hos dei tilsette mellom anna gjennom lærande nettverk lokalt og gjennom bruk av kompetanseprogrammet Språkløyper.
- At det vert utarbeida ein gjennomgåande plan for språkopplæring i barnehage og skule.
- PPT deltek i barnehagar og skular sitt arbeid retta mot barn/elevar med særlege behov
- Tilsette i barnehagane skal jobba systematisk for å styrka barn si språkopplæring.
- Tilsette på skulane fokuserer på språk – munnleg, lesing og skriving i alle fag.

Målgruppe

Strategien si målgruppe er alle barn i barnehage og skule, men med ekstra fokus på:

- Barnehagebarna
- Begynnaropplæringa
- Fleirspråklege barn
- Auke medvita og kompetansen til personalet

Innsatsområder og resultatmål

Skapa samanhengar mellom barnehagen og skulen sitt språkarbeid
✓ Tilsette i barnehage og småskule har god kunnskap om språkarbeidet som vert drive på begge arenaer.
✓ Lærarar i barnehage og skule har faste møtepunkt for å utveksla erfaringar frå arbeid med språk.
✓ Stord kommune har ein språkplan som omfattar barnehagen og skulen sitt

språkarbeid.
Styrka språkarbeidet i den første lese- og skriveopplæringa
✓ Alle tilsette i skule og barnehage er gode rollemodellar som jobbar systematisk med språk, omgrep og omgrepsforståing gjennom kompetanseprogrammet Språkløyper.
✓ Alle lærarar som jobbar med tidleg lesing, og i begynnaropplæring i lesing og skrivning, har særskilt kompetanse på området.
✓ Barnehagane og skulane har lærarar med særskilt kompetanse på språkopplæring for nyankomne og minoritetsspråklege barn.
Tidleg identifisering av barn og elevar som strevar med språk, lesing og skrivning og oppfølging med tilpassa tiltak
✓ Barn med språklege utfordringar vert fanga opp gjennom observasjon og kartlegging, og vert følgd opp så tidleg som råd i utviklingsløpet.
✓ Kommunen har system for gjennomføring og <i>oppfølging av resultata</i> etter kartleggingsprøvar på 1. – 3. trinn.
Arbeid med litteraturformidling og leseglede
✓ Tilsette i barnehage og skule har god litteraturkunnskap og nyttar variert litteratur medvite for å fremja læring og leseglede.
✓ Bibliotek vert nytta aktivt og systematisk.

Organisering

- a. Overordna styringsgruppe:
 Nettverket for rektorar og barnehagestyrarar under leiing av kommunalsjef for oppvekst, er overordna styringsgruppe for prosjektet. Rektorane og barnehagestyrarane er prosjektansvarlege på kvar si driftseining og har plikt til å syta for framdrift i prosjektet i eiga eining, samt at tiltaksplanane er i tråd med strategiplanen. Vidare skal dei syta for at nettverka/arbeidsgruppa mellom skule og barnehagane møtast jamnleg.
- b. Arbeidsgruppa (tidl. Ressursgruppa):
 Arbeidsgruppa skal utforma strategisk utvikling av språkarbeid i Stord kommune. Denne skal vera innovatør og finna kreative løysingar i utforminga av strategien for språkløyper. Arbeidsgruppa skal møtast jamleg og følgja opp prosjektet.
- c. Ressurspersonar (på kvar eining):
 Ressurspersonar (frikjøp) skal bidra til å styrka innsatsen i barnehage og skule. Deltek i arbeidet med å utvikla tiltaksplanar for språkutviklinga. Skal arbeida saman med rektor og styrar i utviklinga av språklege planar i kommunen, samt rettleia personalet i opplæringa og undervisninga av barna og elevane. Kven som vert definert som ressurspersonar i prosjektet avgrensast til oppgåver som skal løysast.
- d. Tilsette i barnehage og skule, SFO:
 Utøva praksis i tråd med strategien og tiltaksplanane. Delta aktivt i trinnteam, fagteam og personalmøter for å vidareutvikla tiltaksplanar i barnehagen og skulen.
- e. PPT:
 Bidra med organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling knytt til elevar med særlege behov. Knytt til språk/lesing og skrivning, jmf. § 5.6 i Opplæringslova
- f. Nettverk:
 Nettverk på den enkelte arbeidsplass: Etablere eit lærande nettverk for å ivareta eit forpliktande samarbeid mellom skule og barnehage.

Medspelarar

- Lesesenteret/Skrivesenteret
- Stord folkebibliotek. Tilgang på litteratur med særleg fokus på nynorske bøker for barnehage, barneskule og barnehage
- Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS): Koordinering av kurstilbod for tilsette i skule og barnehage
- Helsestasjonane. Informasjon til foreldra sin påverknad på born si tidlege språkutvikling
- Foreldre til born og elevar i Stord. Styrka barnehage-/skule-/heimsamarbeidet om språkutvikling og lese- og skriveopplæring
- PPT for Stord og Fitjar. Samarbeid om tidleg intervensjon og førebygging av lese- og skrivevanskar
- Hordaland fylkesbibliotek. Tilgang på litteratur ut over det som finst på det lokale folkebiblioteket
- Nynorsksenteret

Evaluering og læring

Det skal gjennomførast undervegs-evaluering halvårleg gjennom perioden.

Tiltaksplanen skal evaluerast halvårleg, slik at ein kan gjennomføra naudsynte kursendringar under vegs med bakgrunn i erfaringar frå dei ulike tiltaka.

Rapportering

Internt i kommunen. Det skal rapporterast til komité for oppvekst og utdanning, formannskapet og kommunestyret som ein del av den årlege tilstandsrapporten for skulane og barnehagane i Stord. Etter prosjektperioden skal sluttevalueringa leggjast fram for handsaming i komiteen, formannskapet og kommunestyret.

Eksternt til Utdanningsdirektoratet. Rapportera på bruk av midlar og resultata knytt til mål og innsatsområde i den lokale strategien i høve til mål for rapportering utarbeidd av Utdanningsdirektoratet, slik det går fram av tildelingsbrevet. Frist for rapportering er 30.juni 2019.

Stord, 27.11.2017 (Oppdatert 13.02.19)